

4. trinn Salhus skule veke 2

Tid	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag
8.30	Matematikk Lesekvart Divisjonsstrategi Norsk Jul og nyttår 2025 Friskrivning frå jula 	Matematikk Lesekvart Divisjonsstrategi Norsk Bearbeide forteljinga vi skreiv før jul Verb 	Timen livet Psykisk helse Bibliotek Fyfo Engelsk "Michael J. Jordan" 	Matematikk Lesekvart Divisjonsstrategi Test 8-gongen Fyfo Norsk Diktat vekas øveord Forteljarstol Elida	Kunst & handverk 
10.35	Mat med midttme.				
11.30	Kroppsøving Aktivitetar i gymsalen  Tema Kva er energi) 	Stasjons-undervisning 3 lesestasjonar 	Tema Ulike typar energi 	Stasjons-undervisning 3 lesestasjonar 	Symjing 
Slutt:	13.15 alle dagar				

Heimearbeid:

- sjekk **blå lekseperm** for å finne leseteksten, skrivelekse, vekas øveord og matematikkleke.
- **Engelsk, lekse til onsdag:** Skriv dei nye glosene på engelsk og norsk i gloseboka di.
- Kroppsøving måndag, hugs gymkle og innesko.
- Pennal med blyant og viskelær kvar dag.
- Ta med biblioteks bøker til onsdag.
- Elida i forteljarstolen torsdag.
- Blå lekseperm og grøn vekeplanperm til fredag.
- Det du treng til symjing fredag, hugs badehette, badebukse eller badedrakt, sjampo og handkle.

Den vesle gangetabellen										
	1	2	3	4	5	6	7	8	9	10
1	1	2	3	4	5	6	7	8	9	10
2	2	4	6	8	10	12	14	16	18	20
3	3	6	9	12	15	18	21	24	27	30
4	4	8	12	16	20	24	28	32	36	40
5	5	10	15	20	25	30	35	40	45	50
6	6	12	18	24	30	36	42	48	54	60
7	7	14	21	28	35	42	49	56	63	70
8	8	16	24	32	40	48	56	64	72	80
9	9	18	27	36	45	54	63	72	81	90
10	10	20	30	40	50	60	70	80	90	100

Glossary week 2-3

nickname= kallenamn **teams**=lag **height**=høgde
achievements=bragdar **name**=namn
jumped=hoppa **court**=bane **dunked**=måte å skåre mål på


Vekas øveord: diktat torsdag 8. januar

jerv, norske, åtseletar, skogområde, rovdyr

Vekas gongetabell: test 8-gongen 8.1:

8-16-24-32-40-48-56-64-72-80


Mål vi jobbar mot denne veka/perioden:

Norsk 	Kap. 4. Villdyr Etter dette kap. skal eg kunne: - skrive faktatekst - bruke kjelder - skrive ord med kj-lyd rett - Vite kva eit verb er og bøye dei i presens og preteritum Lesing/skriving - Eg kjenner til dei tre leseformene: oversiktslese, leitelese og djupnelese. - Velge bøker ut frå egne interessar og lesedugleik - lese tekstar med flyt og forståing og bruke lesestrategiar målretta for å lære (før, under og etter lesing) - skrive tekstar med funksjonell handskrift og med tastatur - Bruke komma og andre skiljeteikn - Skrive små og store bokstavar	Ekspertord - djupnelese - oversiktslese - leitelese - OBI - Synonym - Antonym - Verb, infinitiv, presens og preteritum - kjelde - faktatekst
Matematikk 	Kap. 3: Divisjon <u>I dette kapittelet skal eg lære å:</u> - Dividere - sjå samanhengen mellom divisjon og multiplikasjon - løyse tekstoppgåver med divisjon 	Matematiske ord - gongetabell - multiplikasjon - divisjon - fordele i og på grupper - reknestrategi - faktorar og produkt
Engelsk 	Læringsmål - Eg kan lese og forstå den engelske teksten om Michael J. Jordan. - Eg kan uttale og skrive dei nye orda riktig. - Eg kan fortelje om ein tekst eg har lese. - Eg kan lage setningar med dei nye orda.	
Tema	Læringsmål - utforske observerbare storleikar, som fart og temperatur, og knyte dei til energi - samtale om kva energi er, og utforske ulike energikjeder - utforske teknologiske system som er sette saman av ulike delar, og beskrive korleis delane fungerer og verkar saman	

Godt nytt år alle saman!

I **norsk** skreiv vi før jul ei forteljing om korleis dyr fekk sine spesielle kjenneteikn. Denne har du fått munnleg/skriftleg tilbakemelding på kva som skal utbedrast. I norsktimen tysdag skal du bruke tid på å bearbeide forteljinga, slik at den blir betre. Vi skal også ha ei friskrivingsoppgåve knytta til jule- og nyttårsfeiringa som du nettopp har hatt og vi skal lære om verb. Tysdag og torsdag blir det lesestasjonar. I forteljarstolen torsdag er det Elida sin tur å ta med noko å fortelje om. Hugs å førebu deg heime til kva du skal fortelje, Elida.

I **matematikk** skal vi denne veka jobbe vidare med divisjonsstrategien, som vi så vidt rakk innføre før jul, ved å dele opp tal før vi dividerer. Sjå figur til høgre korleis vi øver oss. Du får nokre oppgåver du skal øve deg på heime i lekseheftet.



I **engelsk** skal vi lese ein tekst om basketballspelaren Michael J. Jordan.

I **tema** skal vi begynne på nytt kapittel som vi skal jobbe med dei neste vekene. Der vi skal lære om energi. Vi skal lære kva energi er, om ulike former for energi, om korleis energi kan skifte form og om ulike energikjeder. Hugs gymklede til måndag det du treng til symjing fredag. Du skal også ha med deg skrivesaker (= blyant og viskelær) kvar einaste dag på skulen.